



## Innkalling

av

## Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 07.03.2019  
**Møtestad:** Kommunestyresalen kommunehuset  
**Møtetid:** 14:00 - 16:30

Eventuelle forfall må meldast til Helga Ellingsen per tlf. , sms til eller per epost til [Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no](mailto:Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Saksliste:

- 001/2019 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 002/2019 Godkjenning av møtebok
- 003/2019 Referatsak
- 1 Underskrivne avtaler - tenner for livet
- 2 Søknad om deltaking i KS nettverk for psykisk helse og rus

26. februar 2019

Hildegunn Bjånes  
møteleiar

Helga Ellingsen  
sekretær

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		19/128

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2019	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.03.2019

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		19/128

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2019	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.03.2019

### Godkjenning av møtebok

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland		19/128

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2019	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.03.2019

### Referatsak

#### 32T

1. Underskrivne avtaler - tenner for livet
2. Søknad om deltaking i KS nettverk for psykisk helse og rus


### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

# Avtale

**Samarbeid mellom kommunehelsetenesta,  
sosialtenesta / rusomsorga, og  
tannhelsetenesta i Hordaland**



“Tenner for livet”



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Samarbeid mellom kommunehelse-tenesta, sosialtenesta/rusomsorga og tannhelsetenesta i Hordaland

Helse- og omsorgsdepartementet har i rundskriv

I-12/2005

I- 2/2006

I- 4/2008

pålagt fylkeskommunen til å i verksette tannhelsetilbod til rusmisbrukarar

I tannhelsetenesta i Hordaland sitt arbeid for å gje tannhelsetilbod til prioriterte grupper og rusmisbrukarar, er det særleg tilbodet til personar under 3 år, personar med utviklingshemming, eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie og rusmisbrukarar at tannhelsetenesta har eit særleg behov for samarbeid med kommunehelse-tenesta/sosialtenesta/NAV for å kunna nå desse klientane med behandlingstilbod.

For å kunna ivareta lovkrav og helsepolitiske mål er forpliktande samarbeid mellom forvaltningsnivåa nødvendig. I den samanhengen viser ein til Tannhelse-tenestelova § 1-3, 1. ledd bokstav a-e, som heimlar dei prioriterte gruppene sin rett til gratis tannhelsehjelp.

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 3-4, pålegg kommunane ei plikt til samhandling og samarbeid.

Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunale og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtalar mellom partane der ansvar og oppgåver er tydleg fordelt og definert.

Både den fylkeskommunale tannhelsetenesta og den kommunale helse-, sosial- og omsorgstenesta har ansvar for at personar som er definert i målgruppa får eit tilfredsstillande tannhelsetilbod.



**Kommunehelsetenesta, sosialtenesta og tannhelsetenesta i Hordaland har ulike organisering og er forankra på forskjellige forvaltningsnivå. Det betyr samarbeid på tvers av sektor og tenestegrense.**

**Arbeidet på tvers av sektorane blir i hovudsak styrt / regulert av følgjande regelverk:**

## Love og regelverk

### **Lov om tannhelsetjenesten. LOV-1983-06-03-54**

§ 1-3, 1. ledd bokstav a-e.

### **Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. LOV-2011-06-24-30**

- § 1-1 Lovens formål
- § 1-2 Lovens virkeområde
- § 2-1 Forholdet til helsepersonelloven
- § 3-1 Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester
- § 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester
- § 3-3 Helsefremmende og førebyggende arbeid
- § 3-4 Kommunens plikt til samhandling og samarbeid
- § 4-1 Forsvarlighet.
- § 7-1 Individuell plan.

### **Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. LOV-1984-03-30-15**

§ 3 Plikt til å opprette internkontrollsystem og tilsyn med at det føres internkontroll.

### **Lov om pasient- og brukerrettigheter. LOV-1999-07-02-63**

- Kap. 2 Rett til helse- og omsorgstjenester og transport.
- Kap. 3 Rett til medvirkning og informasjon.
- Kap. 4 Samtykke til helsehjelp.
- Kap. 4 A Helsehjelp til pasienter uten samtykkekompetanse som motsetter seg helsehjelpen mv.
- Kap. 5 Rett til journalinnsyn.

### **Lov om helsepersonell m.v. LOV-1999-07-02-64**

- § 21 Hovedregel om taushetsplikt
- § 21a. Forbud mot urettmessig tilegnelse av taushetsbelagte opplysninger
- § 25 Opplysninger til samarbeidende personell

### **Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. LOV 1967-02-10 nr 00**

§13 Taushetsplikt

### **Lov om folkehelsearbeid. LOV 2011-06-24 nr 29**























- Kap. 2 Kommunens ansvar
- Kap. 4 Fylkeskommunens ansvar

Forskrift om kvalitet og omsorg i pleie og omsorgstjenestene for tjenesteyting.  
FOR-2003-06-27-792



## Tannhelsetenesta i Hordaland sitt ansvar:


- 1 Innkalla til samarbeidsmøte mellom sosialtenesta / rusomsorga og tannhelsetenesta i Hordaland og skriva referat frå møta.  
(skriftleg innkalling med sakslista)
- 2 Sikra at brukaren skal få nødvendig undersøking, diagnostikk og tannbehandling ut i frå sin helsetilstand.
- 3 God samhandling og kommunikasjon med sosialtenesta / rusomsorga.  
Tannhelsetenesta har ein kontaktperson som er ansvarleg for samarbeidet.
- 4 Gje tilbakemelding om nødvendige munnpleietiltak.



# Avtale

## Samarbeid mellom kommunale tenester, pleie og omsorg, og tannhelsetenesta i Hordaland

Grupper av eldre, langtidsjuka og uføre i institusjon og heimesjukpleie.



"Tenner for livet"



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Samarbeid mellom kommunale tenester, pleie- og omsorg, og tannhelsetenesta i Hordaland

I tannhelsetenesta sitt arbeid for å gje tannhelsetilbod til prioriterte grupper og rusmisbrukarar, er det særleg tilbodet til personar under 3 år, personar med utviklingshemming, eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie og rusmisbrukarar at tannhelsetenesta har eit særleg behov for samarbeid med kommunehelsetenesta/sosialtenesta for å kunna nå desse klientane med behandlingstilbod.

For å kunna ivareta lovkrav og helsepolitiske mål er forpliktande samarbeid mellom forvaltningsnivåa nødvendig. I den samanhengen viser ein til Tannhelsetenestelova § 1-3, 1. ledd bokstav c, som heimlar dei prioriterte gruppene sin rett til gratis tannhelsehjelp.

I Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 1-1 nummer 5 står det at formål med lova er å sikre samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikre at tilbodet er tilpassa den enkelte sitt behov.

Vidare i § 3-1 fyrste ledd står det at kommunen skal sørgje for at personar som oppheld seg i kommunen blir tilbuddt nødvendige helse- og omsorgstenester. § 3-4, pålegg kommunane ei plikt til samhandling og samarbeid. M.a. skal kommunen samarbeide med fylkeskommune, regionalt føretak og stat sånn at helsetenestene i landet best mogleg kan verke som ei eining.

Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunale og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtalar mellom partane der ansvar og oppgåver er tydleg fordelt og definert.

Både den fylkeskommunale tannhelsetenesta og den kommunale helse-, sosial- og omsorgstenesta har ansvar for at personar som er definert i målgruppa får eit tilfredsstillande tannhelsetilbod.



Kommunehelsetenesta, pleie- og omsorgstenesta og tannhelsetenesta i Hordaland har ulik organisering og er for-ankra på forskjellige forvaltningsnivå. Det betyr samarbeid på tvers av sektor og tenestegrense.

Arbeidet på tvers av sektorane blir i hovudsak styrt / regulert av følgjande regelverk:

## Love og regelverk

### **Lov om tannhelsetjenesten. LOV-1983-06-03-54**

§ 1-3, 1. ledd bokstav c. Grupper av eldre, langtidssyke og uføre i institusjon og hjemmesykepleie.

### **Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. LOV-2011-06-24-30**

- § 1-1 Lovens formål
- § 1-2 Lovens virkeområde
- § 2-1 Forholdet til helsepersonelloven
- § 3-1 Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester
- § 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester
- § 3-3 Helsefremmende og førebyggende arbeid
- § 3-4 Kommunens plikt til samhandling og samarbeid
- § 4-1 Forsvarlighet.
- § 7-1 Individuell plan.

### **Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. LOV-1984-03-30-15**

§ 3 Plikt til å opprette internkontrollsystem og tilsyn med at det føres internkontroll.

### **Lov om pasient- og brukerrettigheter. LOV-1999-07-02-63**

- Kap. 2 Rett til helse- og omsorgstjenester og transport.
- Kap. 3 Rett til medvirkning og informasjon.
- Kap. 4 Samtykke til helsehjelp.
- Kap. 4A Helsehjelp til pasienter uten samtykkekompetanse som motsetter seg helsehjelpen mv.
- Kap. 5 Rett til journalinnsyn.

### **Lov om helsepersonell m.v. LOV-1999-07-02-64**

- § 21 Hovedregel om taushetsplikt
- § 21a. Forbud mot urettmessig tilegnelse av taushetsbelagte opplysninger
- § 25 Opplysninger til samarbeidende personell

### **Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. LOV 1967-02-10 nr 00**

§13 Taushetsplikt

### **Lov om folkehelsearbeid. LOV 2011-06-24 nr 29**

- Kap. 2 Kommunens ansvar
- Kap. 4 Fylkeskommunens ansvar

Forskrift om kvalitet og omsorg i pleie og omsorgstjenestene for tjenesteyting.  
FOR-2003-06-27-792



## Tannhelsetenesta i Hordaland sitt ansvar:

- 1 Innkalla til samarbeidsmøte mellom pleie- og omsorgstenesta og tannhelsetenesta i Hordaland og skriva referat frå møta.  
(skriftleg innkalling med sakslista)
- 2 Sikra at brukaren skal få nødvendig undersøking, diagnostikk og tannbehandling ut i frå sin helsetilstand.
- 3 God samhandling og kommunikasjon med pleie- og omsorgstenesta.  
Tannhelsetenesta har ein kontaktperson som er ansvarleg for samarbeidet.
- 4 Gje opplæring/informasjon til pleie- og omsorgstenesta om dei til kvar tid gjeldande anbefalingane for god oral helse/tannhelse etter kommunen sin opplæringsplan.
- 5 Gje helsepersonell tilbakemelding om nødvendige munnpleietiltak og ved behov delta i utforming av brukarar sin individuelle plan.



# SAMTYKKEERKLÆRING

Du har fått informasjon om at du har rett på gratis tannbehandling hjå tannhelsetenesta, Hordaland fylkeskommune. Dersom du ynskjer å nytta tilbodet må tannklinikken få melding om dette.

Kryss av:

Eg ynskjer tilbod om tannbehandling.  
Eg samtykker i at tannhelsetenesta får informasjon om min helsetilstand og eventuelt medisinbruk som har innverknad på tannhelsa og tannbehandling

Eg ynskjer ikkje tilbod om tannbehandling

Dersom du ikkje ynskjer tilbod om tannbehandling no, men vil ta imot tilbodet ved seinare høve, må du då skriva under ny samtykkeerklæring og levera den til tannklinikken.

**Namn:** \_\_\_\_\_

**Fødselsdato:** \_\_\_\_\_

**Telefon:** \_\_\_\_\_

**Adresse:** \_\_\_\_\_

**Dato:** \_\_\_\_\_

**Underskrift:** \_\_\_\_\_

Dersom brukaren seier ja, ber vi at personellet fyller ut:




















**Tenesteområde /distrikt /sone / avdeling:**

\_\_\_\_\_

**Kontaktperson:** \_\_\_\_\_

**Telefon til tenesteområde / kontaktperson:** \_\_\_\_\_






# Avtale

Samarbeid mellom kommunale tenester,  
personar med utviklingshemming, tenester for  
PU og tannhelsetenesta i Hordaland

Psykisk utviklingshemma over 18 år i og utanfor institusjon.



”Tenner for livet”

# Samarbeid mellom kommunale tenester, personar med utviklingshemming og tannhelsetenesta i Hordaland

I tannhelsetenesta i Hordaland sitt arbeid for å gje tannhelsetilbod til prioriterte grupper og rusmisbrukarar, er det særleg tilbodet til personar under 3 år, personar med utviklingshemming, eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie og rusmisbrukarar at tannhelsetenesta har behov for samarbeid med kommunehelsetenesta/sosialtenesta for å kunna nå desse med behandlingstilbod.

For å kunna ivareta lovkrav og helsepolitiske mål er forpliktande samarbeid mellom forvaltningsnivåa nødvendig.

I den samanheng viser ein til Tannhelsetenestelova § 1-3, 1.ledd bokstav b, som heimlar dei prioriterte gruppene sin rett til gratis tannhelsehjelp.

I Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.§ 1-1 nummer 5 står det at formål med lova er å sikre samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikre at tilbodet er tilpassa den enkelte sitt behov.

Vidare i § 3-1 fyrste ledd står det at kommunen skal sørgje for at personar som oppheld seg i kommunen blir tilbudd nødvendige helse- og omsorgstenester. § 3-4, pålegg kommunane ei plikt til samhandling og samarbeid. M.a. skal kommunen samarbeide med fylkeskommune, regionalt føretak og stat sånn at helsetenestene i landet best mogleg kan verke som ei eining.

Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunale og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtalar mellom partane der ansvar og oppgåver er tydleg fordelt og definert.

Både den fylkeskommunale tannhelsetenesta og den kommunale helse-, sosial- og omsorgstenesta har ansvar for at personar som er definert i målgruppa får eit tilfredsstillande tannhelsetilbod.

Kommunehelsetenesta, tenesta for PU og tannhelsetenesta har ulik organisering og er for-ankra på forskjellige forvaltningsnivå. Det betyr samarbeid på tvers av sektor og tenestegrense.

Arbeidet på tvers av sektorane blir i hovudsak styrt / regulert av følgjande regelverk:

## Love og regelverk

### **Lov om tannhelsetjenesten. LOV-1983-06-03-54**

§ 1-3, 1. ledd bokstav b. Psykisk utviklingshemmede i og utenfor institusjon..

### **Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. LOV-2011-06-24-30**

§ 1-1 Lovens formål

§ 1-2 Lovens virkeområde

§ 2-1 Forholdet til helsepersonelloven

§ 3-1 Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester

§ 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester

§ 3-3 Helsefremmende og førebyggende arbeid

§ 3-4 Kommunens plikt til samhandling og samarbeid

§ 4-1 Forsvarlighet.

§ 7-1 Individuell plan.

### **Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. LOV-1984-03-30-15**

§ 3 Plikt til å opprette internkontrollsystem og tilsyn med at det føres internkontroll.

### **Lov om pasient- og brukerrettigheter. LOV-1999-07-02-63**

Kap. 2 Rett til helse- og omsorgstjenester og transport.

Kap. 3 Rett til medvirkning og informasjon.

Kap. 4 Samtykke til helsehjelp.

Kap. 4A Helsehjelp til pasienter uten samtykkekompetanse som motsetter seg helsehjelpen mv.

Kap. 5 Rett til journalinnsyn.

### **Lov om helsepersonell m.v. LOV-1999-07-02-64**

§ 21 Hovedregel om taushetsplikt

§ 21a. Forbud mot urettmessig tilegnelse av taushetsbelagte opplysninger

§ 25 Opplysninger til samarbeidende personell

### **Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. LOV 1967-02-10 nr 00**

§13 Taushetsplikt

### **Lov om folkehelsearbeid. LOV 2011-06-24 nr 29**

Kap. 2 Kommunens ansvar

Kap. 4 Fylkeskommunens ansvar



# Tannhelsetenesta i Hordaland sitt ansvar:

- 1 Innkalla til forpliktande samarbeidsmøte mellom tenesta for PU og tannhelsetenesta i Hordaland og skriva referat frå møta.  
(skriftleg innkalling med sakslista)
- 2 Sikra at brukaren får nødvendig undersøking, diagnostikk og tannbehandling ut i frå sin helsetilstand.
- 3 Vera merksam på om pasienten har samtykkekompetanse.  
Ein pasient har ikkje samtykkekompetanse dersom det er openbart at han ikkje er i stand til å forstå konsekvensane av samtykket og heller ikkje klarer å ta ei avgjerd ut i frå informasjonen han blir gitt. Dette vil variere frå sak til sak og må vurderast individuelt ut i frå ei konkret heilskapleg vurdering.
- 4 God samhandling og kommunikasjon med teneste for PU. Tannhelsetenesta har ein kontaktperson som er ansvarleg for samarbeidet.
- 5 Gje opplæring/informasjon til teneste for PU om dei til kvar tid gjeldande anbefalingane for god oral helse/tannhelse etter kommunen sin opplæringsplan.
- 6 Gje tilbakemelding om nødvendige munnpleietiltak.



# SAMTYKKEERKLÆRING

Du / verje har fått informasjon om at du har rett på gratis tannbehandling hjå Den offentlege tannhelsetenesta. Dersom du ynskjer å nytta tilbodet må tannklinikken få melding om dette

Kryss av:

**Eg ynskjer tilbod om tannbehandling.  
Eg samtykker i at tannhelsetenesta får informasjon om min helsetilstand og eventuelt medisinbruk som har innverknad på tannhelsa og tannbehandling**

**Eg ynskjer ikkje tilbod om tannbehandling**

Dersom du ikkje ynskjer tilbod om tannbehandling no, men vil ta imot tilbodet ved seinare høve, må du då skriva under ny samtykkeerklæring og levera den til tannklinikken.

**Namn:** \_\_\_\_\_

**Fødselsdato:** \_\_\_\_\_

**Telefon:** \_\_\_\_\_

**Adresse:** \_\_\_\_\_

**Dato:** \_\_\_\_\_

**Underskrift:** \_\_\_\_\_



















Dersom brukaren seier ja, ber vi at personellet fyller ut:

**Tenesteområde / avdeling:**  
\_\_\_\_\_

**Kontaktperson:** \_\_\_\_\_

**Telefon til tenesteområde :** \_\_\_\_\_






# Avtale

Samarbeid mellom helsestasjons- og skulehelsetenesta  
og Den offentlege tannhelsetenesta



”Tenner for livet”



Avtalen er utarbeid i samarbeid mellom



# Samarbeid mellom helsestasjons- og skulehelsetenesta og den offentlege tannhelsetenesta

I Den offentlege tannhelsetenesta sitt arbeid for å gje tannhelsetilbod til prioriterte grupper og rusmisbrukarar, er det særleg tilbodet til personar under 3 år, personar med utviklingshemming, eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie og rusmisbrukarar at tannhelsetenesta har behov for samarbeid med kommunehelsetenesta/sosialtenesta for å kunna nå desse med behandlingstilbod.

For å kunna ivareta lovkrav og helsepolitiske mål er forpliktande samarbeid mellom forvaltningsnivåa nødvendig.

I den samanheng viser ein til Tannhelsetenestelova § 1-3, 1.ledd bokstav a, som heimlar dei prioriterte gruppene sin rett til gratis tannhelsehjelp.

Kommunehelsetenestelova § 1-3 a jf. § 1-2 , pålegg kommunane ei plikt når det gjeld helsepersonell si plikt til å oppfylle krav i medhald til lov.

I forskrift om kommunanes helsefremmande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta frå Helsedepartementet 3. april 2003 står: "Helsestasjons og skulehelsetenesta skal ha rutinar for samarbeid med fastlegane, med andre kommunale tenester, med tannhelsetenesta, med fylkeskommunen og med spesialisthelsetenesta."

Rettleiaren "Tenner for livet" (1999) frå Statens helsetilsyn slår fast at tannhelsetenesta må bidra med nødvendig opplæring og praktisk rettleiing av helsestasjonspersonell. Rettleiaren anbefalar at tannhelsetenesta har ansvar for at arbeidet kjem i stand.

Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunale og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtalar mellom partane der ansvar og oppgåver er tydeleg fordelt og definert.

Både den fylkeskommunale tannhelsetenesta og den kommunale helsestasjons og skulehelsetenesta-, har ansvar for at personar som er definert i målgruppa får eit tilfredsstillande tannhelsetilbod.

# Mål for Den offentlege tannhelse-tenesta sitt tilbod:

**Målgruppe:** Barn og unge frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år.

**Mål:** Fremja god helse, førebyggja tannsjukdommar, og gje nødvendig tannhelsehjelp.

**Delmål:** Sikre barn og unge ei akseptabel oral helse.

- Etablera gode samarbeidslinjer mellom helsestasjons- og skulehelsetenesta og tannhelsetenesta.
- Kvalitetssikra tannhelseinformasjonen slik at brukarane får eit heilskapleg budskap.
- Helsestasjons- og skulehelsetenesta og tannhelsetenesta skal leggja tilrette for at foreldre/føresette blir i stand til å ivareta barn si tannhelse.
- Setja i verk helsefremmjande og førebyggande tiltak.
- Sikra at barn på 2 år blir inspisert i munnhola. Ved mistanke om karies, tannskadar eller særskilt informasjons og rettleiingsbehov skal barna henvisast til den offentlege tannhelsetenesta.

# Tidleg henvising frå helsestasjon til tannhelse-tenesta ved følgjande tilstander:

Sjukdomsgrupper:	Risiko for dårlegare tannhelse pga.	Spesielle førebyggande tiltak:
Kronisk sjuke barn / Diabetes	Barn som er mykje på sjukehus har ofte ete-/drikkevaner som kan få konsekvensar for tannhelse • Dårlig tannpuss • Medisinbruk	Kva art sjukdommen har må vurderast av helsesøster/helsestasjonslege og blir henvist ved behov • Stor vekt på kosthald, tannpuss og fluor
Astma/allergi	Sukkerhaldig medikament • Antihistamin set ned spyttsekresjon	Tannhelseinformasjon frå 1-1½ års alderen dersom fast medisinerer
Ansiktsspalter	Skeptisk til us. i munnhola, viktig med tidleg tilvenning • Avvik i tannutvikling; overtallige tenner, misdanna tenner i spalteområdet	Kontakt med tannhelsepersonell ved 1-års alderen • Individuell oppfølging
Hjarte-/karsjukdommar	Førekjem emaljedefekt pga. nedsett oksygenmetning i fosterlivet • Auka fare for karies pga. - ofte vanskeleg å ete – pga. slapp, pusteproblem, oppkast mm • Liten matlyst - bruk av medikament	Tannhelseinformasjon ved tannframbrot • Utdeling av brosjyre om hjartesjuke barn og tannhelse
Barn i sosial risikosituasjon	Omsorgssvikt	Vurdert frå helsestasjon og evt. henvist til tannhelsetenesta

Skjema er utarbeida av: Tannhelsetenesta i Telemark

Psykisk/fysisk funksjonshemmingar	Risiko for dårlegare tannhelse pga.	Spesielle førebyggande tiltak:
Down'syndrom	Ofte liten overkjeve og underbitt eller opent bitt, dårleg slutning som fører til munnpusting. • Munnpusting → tørr munn → auka fare for karies/tannkjøtbetennelse • Dårlig muskelfunksjon i munn/munnhole → auka fare for karies/tannkjøtbetennelse • Mange har medfødt hjartefeil	Kontakt med tannhelsetenesta ved ½ - års alderen • Munnmotorisk trening • Kosthald, tannhygiene og fluor frå tidleg alder • Tannhelsepersonell bør delta i ansvarsgruppe/munnmotorisk team ved sak
Cerebral parese	Kraftige muskelkontraksjonar / plutselig samanbiting kan gjere det vanskeleg med tannpuss og tannbehandling. • Utsett for tannskadar	Viktig med tidleg informasjon og instruksjon i god munnhygiene. • Rettleiing i bruk av spesielle hjelpemiddel
Andre medfødde hjerneskarar / syndrom	Forstyrning i utviklinga av tenner, munnslimhinne eller kjeve • Nedsett muskelkraft kan påverka suging, tygging, svelging, talfunksjon og kjeveutvikling • Hud og slimhinesjukdommar kan gje utslag i munnhola • Mange syndrom har karakteristiske ansiktstrekk, tannform og derav avvikande tannstilling	For desse barna er førebyggande tannhelsearbeid viktigare enn for dei fleste andre • Det må etablerast tidleg kontakt med tannhelsetenesta • Tannhelsepersonell bør delta i ansvarsgruppe ved sak

Kjelde: Tannpleie for funksjonshemma og kronisk sjuke, NKI-forlaget/Den norske tannlegeforeining 1984 Foreininga for hjartesjuke barn

Skjema er utarbeida av: Tannhelsetenesta i Telemark

## HENVISNING TIL TANNHELSETENESTA

### FRÅ HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTA

Barnet sitt namn \_\_\_\_\_

Fødselsdato \_\_\_\_\_

Adresse \_\_\_\_\_

Telefon \_\_\_\_\_

Nasjonalitet \_\_\_\_\_

Språk \_\_\_\_\_

Behov for tolk      Ja       Nei

Føresette / verge sitt namn \_\_\_\_\_

Årsak til henvisning: \_\_\_\_\_

Eg samtykker i at tannhelsetenesta får informasjon om barnet mitt sin helse-tilstand og evt. medisinbruk som har følgje for tannhelse og tannbehandling. Samt at tannhelsetenesta gir helsestasjonen tilbakemelding om behandling som kan ha følgje for barnet sin helsetilstand.

Dato \_\_\_\_\_ Underskrift \_\_\_\_\_

Helsestasjons- og skulehelsetenesta og Den offentlege tannhelsetenesta har ulik organisering og forankra på forskjellige forvaltningsnivå. Det betyr samarbeid på tvers av sektor og tenestegrense.

Arbeidet på tvers av sektorane blir i hovudsak styrt/regulert av følgjande regelverk:

## Lover og regelverk

### Lov om tannhelsetenesta

§ 1-3, 1. ledd bokstav a. Barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år.

### Lov om helsetenester i kommunane.

§ 1-3 a, tilretteleggingsplikt for kommunane sett i samanheng med helsetenesta sitt formål nedfelt i § 1-2.

### Lov om statleg tilsyn med helsetenester

§ 3 Plikt til å opprette internkontrollsystem og tilsyn med at det føres internkontroll

### Lov om pasientrettar

Kapittel 2 Rett til helsehjelp

Kapittel 3 Rett til medverknad og informasjon

Kapittel 4 Samtykke til helsehjelp

### Lov om helsepersonell jf. forvaltningslova

Helsepersonellova § 21, hovudregel om teieplikt

Forvaltningslova § 13, teieplikt

### Forskrift

Forskrift om kommunanes helsefremmjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta fastsett av Helsedepartementet 3. april 2009.

### Rettleiar

Tenner for livet – Helsefremmjande og førebyggjande arbeid. IS-2656

# Folkehelsearbeidet – helsefremjande og førebyggjande arbeid

## Fylkeskommunen sitt ansvar etter tannhelsetenestelova:

Etter tannhelsetenestelova § 1-3 har fylkeskommunen ansvar for å fremja tannhelsa i befolkninga og gjennom si tannhelseteneste sørge for nødvendig førebygging og behandling.

## Partnerskap for folkehelse i fylkeskommunar og kommunar.

Stortingsmeld. Nr. 35 "Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning – Framtidas tannhelsetjenester".

Fylkeskommunen må sikre at tannhelsetenesta har etablert nødvendig samarbeid der den fylkeskommunale tannhelsetenesta må ha ekstra tett samarbeid med andre tenester.



**Avtalen må reviderast ved endring i lovverket, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen må gjennomgåast årleg og skal gjelde fram til ny avtale blir utarbeidt og teken i bruk.**

For helsestasjons- og skulehelsetenesta

For Den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland

Dato: 17.10.18

Dato: 17/10-18

Namn: Hildegunn Bjanes

Namn: Hege March Fosse

# Samarbeidsavtale mellom helsestasjons- og skulehelsetenesta og Den offentlege tannhelsetenesta i

.....kommune

## Målgruppa:

**Barn og unge frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år**

## Helsestasjons- og skulehelsetenesta sitt ansvar:


- 1 Delta på årlege samarbeidsmøte mellom helsestasjons og skulehelsetenesta og Den offentlege tannhelsetenesta.
- 2 Gje foreldre rettleing / helseopplysing om tannhelse, kosthald, tannhygiene og fluor i samsvar med anbefalt helsestasjonsprogram 0 – 5 år.
- 3 Inspeksjon av tenner og munnhole til barn på helsestasjon ved 2 års alder, jfr. anbefalt helsestasjonsprogram 0 – 5 år.
- 4 Målretta undersøking av tennene til barnet når det er tilstades risikofaktorar som for eks. medisinbruk, spesielle sjukdommar og syndrom, dårleg kosthald eller munnhygiene.
- 5 Henvisa til tannhelsetenesta når det er:
  - a. Mistanke om karies
  - b. Tannskade
  - c. Særskilt informasjons- og rettleiingsbehov
- 6 Leggje til rette slik at tann- og munnhelse er ein naturleg del av det helsefremjande og førebyggjande arbeidet helsestasjons- og skulehelsetenesta driv med.
- 7 Helsestasjons- og skulehelsetenesta og tannhelsetenesta samarbeider om helsefremjande og førebyggjande tiltak der tannhelsetenesta kan bidra med sin kompetanse, slik at tannhelse blir ein integrert del av anna helsearbeid.

## Den offentlege tannhelsetenesta sitt ansvar:

- 1** Innkalla til forpliktande samarbeidsmøte mellom helsestasjons- og skulehelsetenesta og Den offentlege tannhelsetenesta og skrive referat frå møta (Skriftleg innkalling med sakliste)
- 2** Innkalla barn frå 3 års alder til tannhelsekontroll.
- 3** Følgje opp henvisingane som kjem frå helsestasjonstenesta. Gje tilbakemelding til helsestasjonstenesta, (skriftleg) vurdere og eventuelt initiere vidare oppfølging og samarbeid.
- 4** Gje opplæring/informasjon til helsestasjons- og skulehelsetenesta om, dei til kvar tid gjeldane, anbefalingane for god oral helse. På oppfordring frå helsestasjons- og skulehelsetenesta skal tannhelsetenesta holda undervising både for tilsette og for foreldre / barn.
- 5** Innhenta og formidla statistikk om tannhelseutvikling hjå barn og ungdom i området / kommunen, og saman med helsestasjons- og skulehelsetenesta vurdere tiltak og aktuelt samarbeid innan helsefremjande og førebyggjande arbeid som kan føre til god tannhelse.

## Avtale tilpassing

Denne sida kan nyttast dersom ein ynskjer endringar eller tilpassingar i avtalen.




## Søknadsskjema for deltaking i regionalt læringsnettverk

### OM UTVIKLING AV TENESTER INNAN PSYKISK HELSE OG RUSFELTET

- Kva for samhandlingsmodellar som nyttast og utfordringar kommunen står overfor
- Organisering og arbeidsformer - korleis arbeidet er tenkt organisert i prosjektet
- Kven som skal delta i kommunane sitt tverrfaglege «forbetringssteam»
- Kort omtale av mål for kommunen sitt arbeid og korleis dette er forankra
- Kva for involvering av brukartilsette/brukarrepresentantar vil inngå i arbeidet

Beskriv kort kvifor kommunen ynskjer å delta	Vi skal utarbeide teamdelplan for psykisk helse og rus. Vi ønskjer at planen skal ta utgangspunkt i dei behov innbyggjarar og brukarar i vår kommune har. «Kva er viktig for deg?» Vi ønskjer å designe tenester som er tilpassa desse behova.
Forankring og involvering	
Beskriv administrativ forankring	Rådmannsnivå
Beskriv plan for politisk forankring	Har fått mandat til å utarbeide temadelplan for psykisk helse og rus i kommunen (skulle vore gjennomført i 2017)
Kva for samarbeidspartnarar er informert om søknaden?	Kommunale samarbeidsparter (Helse, Plo, Nav ...) Nabokommunar som og er med i prosjektet som vi og ønskjer å nytte i eit mogeleg samarbeid vidare. Vi har informert vårt lokale DPS om at vi er i prosess med dette prosjektet.
Beskriv kort korleis dykk vil ivareta brukarrepresentasjon/ Brukarinvolvering	Masfjorden kommune vil nytte råd for menneske med nedsett funksjonsnivå som brukarutval til dette prosjektet. Kommunen er så liten at ein ikkje har/ får lokale brukarar med i arbeid
Har kommunen tilsette med erfaringskompetanse (erfaringskonsulentar eller liknande)? Eventuelt, kor mange?	Nei
Beskriv kort korleis dykk vil ivareta tverrfagleg og tverretatleg involvering	Forbetringssteam til prosjektet, er tverrfagleg samansett (Helse, Plo, administrasjon, brukar / pårørande) Vi vil elles kople på andre
Beskriv kort kommunes bruk av koordinerande eining og individuelle planer for målgruppa	Vi har KE som vi kanskje ikkje har nytta heilt optimalt. Vi er i ein prosess å utvikle KE og event knytte det nærare til Forvaltningstenesta.



	Vi nyttar verktøyet Sampro til produksjon av IP.
Beskriv korleis samarbeidande DPS og TSB tenkast involvert	Vi tenkjer å knytte dei på i ein referanse / høringsfunksjon i deler av prosessen.
<b>Status relaterte prosjekter</b> <b>Kva for prosjekt? Korleis samhandlar desse?</b>	
Beskriv kort andre relevante prosjekter som går for seg i kommunen mot målgruppa	<p>Har vi noko anna vi kan informerer om her</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læringsog mestringsprosjekt</li> <li>- Tur med fastlegen</li> <li>- KE / Forvaltningsutvikling</li> <li>- Prosjekt med felles NAV teneste for kommunane Austrheim, Fedje, Modalen, Gulen og Masfjorden kommune som vertskommune for kommunal del. I høve sosialtenester er det søkt prosjektmidlar til 100% stilling som er tenkt som kommunal «jobbspesialist», viss ein får tilskot. Denne er tenkt å rette seg mot unge og andre som har utfordring med å komme i arbeid – som i dag har sosial som inntektskilde.</li> <li>- Anna</li> </ul>


Kommunens status på bruk av overordna tenesteavtale/samarbeidsavtale mot HB	Desse er aktive og vi nyttar dei i dialog og kvalitetssikring i samarbeidet med HB.
<b>Ressursar</b>	
Beskriv kva for ressursar som er satt av til arbeidet	<p>Fagleiar psykisk helse og rus er prosjektleiar / kommunal tilretteleggjar.</p> <p>Andre i forbetringsteamet vert frikjøpt fortløpande etter behov.</p>

**Kommunal tilretteleggar/kontakt i kommunen:**

Kommune	Stilling	Namn	E-post	Tlf.nr
Masfjorden kommune	Fagleiar psykisk helse og rus	Dag Haarklau	Dag.haarklau@masfjorden.kommune.no	91617895

**Forbetringsteam:**

Eining/avd/stilling	Namn	E-post	Tlf.nr	Anna
Psykisk Helse, sjukepleiar	Monica Rongve			
Leiar heimetenestene	Hildegunn Bjånes			
Råd for menneske med nedsett funksjonsnivå, medl.	Anne Kari Mjanger			
Helse og omsorgsleiar	Helga I Ellingsen			



<b>Frå helseføretak:</b>				
<b>Samarbeidande kommunar som også søker: Austrheim, Fedje, Alver (Lindås/Meland/Radøy)</b>				

Godkjent av leder for helse- og omsorgstenesta i kommunen

FA

**Signatur:**

*Ors Haarblom*

**Dato:**

*20/2-19.*

*FAGLEIAR / PROSJEKLEIAR.*

## Informasjon

**Frist for påmelding er 21 februar 2019 og søknad sendast på e-post til: [ks@ks.no](mailto:ks@ks.no)**

Tilbakemelding om deltaking blir gitt snarest etter fristens utløp. Da vil de kommunane som skal delta få ytterligere informasjon og oppfølging før 1. samling som 8 og 9 mai på Edvard Grieg hotell i Bergen.

**Kostnader:** Det er ingen deltakaravgift. Kommunane dekker egne utgifter til reise og opphald på samlingar samt intern ressursbruk i kommunen. Deltakarane i teamet forventast å delta på alle fire samlingar.

Dersom de treng lenger tid på forankringsprosess eller har spørsmål, ta kontakt med:

Anne Turid Nygaard, telefon 48002032 eller e-post: [anne.turid.nygaard@ks.no](mailto:anne.turid.nygaard@ks.no) eller

Risten Lango, telefon 93688733 eller e-post: [risten.lango@ks.no](mailto:risten.lango@ks.no)